



DEN NORSKE KIRKE

Tunsberg bispedømmeråd

BISPENOMINASJON I TUNSBERG

Ragnhild Jepsen



BISPENOMINASJON I TUNSBERG

CURRICULUM VITAE

NAVN: RAGNHILD JEPSEN

PERSONLIGE OPPLYSNINGER

Fullt navn: Ragnhild Jepsen
Fødselsdato: 4. november 1969
Nåværende stilling: domprost i Nidaros
Ordinasjonsdato: 21. september 1997
Ordinasjonssted: Ål kyrkje

UTDANNING

Årstall	Studium	Stuedsted
1995	Teologisk embetseksamen	Det teologiske menighetsfakultet
1997	Praktikum	Det teologiske menighetsfakultet

ANDRE KURS OG ANNEN FAGKOMPETANSE MED RELEVANS FOR BISPETJENESTEN

2010-2011: «Læring og ledelse» SPP-modul
2006-2008: Arbeidsrettlegg med fordjuping, Nidaros bispedøme
2001-2002: Leiarutviklingskurs for kvinnelege teologar, arr. Det Praktisk teologiske seminar, UiO

ARBEIDSERFARING

Årstall	Stillingsbetegnelse	Arbeidsgiver
2011 – d.d.	domprost i Nidaros	Nidaros bispedøme
2006-2011	sokneprest Nidaros domkyrkje	Nidaros bispedøme
2003-2006	kapellan Nidaros domkyrkje	Nidaros bispedøme
1997-2003	kapellan i Åmot	Hamar bispedøme
1997	kateketvikar, Tanum	Bærum kirkelige fellesråd
1996-1997	sekretær «Vigsling av kantorer»	Kyrkjerådet

RELEVANTE VERV

Årstall	Verv/rolle
2014 – d.d.	Evangelical Lutheran Church of Jordan and the Holy Land (ELCJHL) Styremedlem i den lutherske kyrkja ved dåpsstaden i Jordan
2008 – d.d.	Olavsfestdagene - styremedlem
2006 – d.d.	Nidarosdomens Guttekor - nestleiar i styret
2010 – 2011	Norsk Salmebok 2013 - medlem av redaksjonskomiteen
2005 – 2007	Nemnd for gudstenesteliv, gudstenestereformen – underutval for dåp
1999 – 2002	Teologisk nemnd for Den norske kyrkja - også i arbeidsutvalet
1993 – 1996	Salmer 1997 – medlem av salmebokkomité og redaksjonsutval

1992 – 1997	Konferansen av Europeiske Kirker (KEK), Dnks sentralkomiteemedlem Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja - medlem ex officio same periode
1992 – 1993	Ung i kirken – medlem i utvalet nedsett av Kyrkjerådet. Arbeidde fram rapporten «Ung i kirken» som danna grunnlag for det første Ungdomens kyrkjemøte i Bergen i 1993.

SPRÅK

Engelsk – skriftleg og muntleg svært godt
Tysk – skriftleg og muntleg godt
Nederlandsk – skriftleg og muntleg godt
Litt fransk
Har nynorsk som hovudmål, men beherskar begge målformer like godt

ANDRE OPPLYSNINGER, PROSJEKTER E.L.

Fast andaktshaldar i NRK sidan 2005
Leiar i Åmot kommunes 1000-årskomiteé
Ulike verv i Noregs Mållag sidan 1996
Innehar PTO; Permission to officiate, tillating til å forrette gudstenester i Den anglikanske kyrkja
Prosjektleiar for store arrangement i Nidaros domkyrkje sidan 2007, m.a.:
800-årsjubileet for Vår Frue Kirke 2007
Innsetjing av preses 2011
Grunnlovsjubileet 2014
Signingsjubileet 2016
Reformasjonsjubileet 2017

SVAR PÅ SPØRSMÅL

1. Hvorfor har du lyst til å bli biskop i Tunsberg bispedømme?

Eg har lyst til å bli biskop i Tunsberg bispedømme fordi det er eit bispedømme eg er glad i. Det er mitt heimebispedømme, det er her eg vart døypt, er oppvaksen og har røtene mine. Det er her eg har dialekta mi frå, og det er her eg vart forma som menneske og kristen. Tunsberg er bispedømmet som har sendt meg den dagen eg vart ordinert til prest, og som no kallar meg til å stille meg til teneste. Som biskop i Tunsberg trur eg at eg kan vere med å føre kyrkja inn i ei ny tid. Det må skje saman med alle dei dyktige medarbeidarane her og med kyrkjelydane som har stor kunnskap om lokale tilhøve og som veit kva som særpreger og utfordrar kyrkja på kvar ein stad. Ikkje minst er samvirket med alle dei trufaste frivillige i råd og utval i alle delar av bispedømmet viktig. Eg vil vere med å finne fram til kva som skal prege vår samtid, våre liv, våre haldningar og vår kyrkje i åra som ligg framom. Eg trur eg har evne til å inspirere og begeistre, og eg vil leie kyrkja så den blir rekna med som ein viktig aktør i samfunn og samtid. Men mest av alt ynskjer eg å vere med å leggje til rette for at alle som søker til kyrkja i Tunsberg bispedømme kjenner seg velkomen, ønska og heime. At dei vil kome med barna som skal døypast, som konfirmantar, til vigsel og med sine døde. Der skal dei møte Evangeliet om Jesus Kristus forkynt til frelse og oppbygging for alle.

2. Hvordan vil du karakterisere deg selv som person, som prest og som teolog?

Eg er ein person som lett får tillit, eg kjem lett i kontakt med andre og set meg raskt inn i nye samanhengar. Heimanfrå har eg med meg ein god ballast om at alle menneske er like mykje verd og like viktige. Det gjev rike møte med menneske eg møter. Eg er kulturopen og trivst godt både på bedehuset, i det høgkyrkjelege og i det folkelege. Frå heimen har eg med meg gudstenestelivet, kjærleiken til kyrkja, musikken og tradisjonen. I ungdomstida var det miljøet på bedehuset, vitnemåla og dei personlege trusforteljingane som var viktige. I studietida vart eg engasjert i økumenisk arbeid og vart medviten om det verdsvide fellesskapet vi står i. Åra som prest i Østerdalen lærte meg å verdsetje respekt for det alminnelege livet slik det kjem til uttrykk i kyrkje og lokalmiljø. Og tida i Nidarosdomen har gjeve meg age for kva det er i kulturen vår av tradisjon og historie som bind oss saman som kristne og som folk. Etterkvart er alt dette samla i erkjenninga av at Gud alltid har vore i livet mitt gjennom skiftande tider. Trua mi er summen av alt eg har opplevd. Eg er glad og takknemleg for det alt saman.

Min identitet som prest er sterk. Det er i gudstenesterommet og i møte med menneske eg hentar styrke og inspirasjon. Særleg finn eg glede i liturgien, i det som stadig blir fornya fordi vi tolkar det inn i vår tid, men samstundes ber i seg den lange tradisjonen og den rike arven frå den verdsvide kyrkja. Eg held meg godt orientert om det som skjer i kyrkje og samfunn og har stor arbeidskapasitet. Eg toler å stå i det som også er smertefullt.

Som teolog vil eg alltid halde fram det naudsynte i evangeliets frie løp – at evangeliet om Jesus Kristus ikkje let seg hindre av krav eller konvensjonar, men finn sine vegar uventa og kraftfullt på måtar vi ikkje alltid forstår. Eg hentar impulsar og inspirasjon frå den økumeniske teologien, slik Guds kyrkje på jorda har kome til uttrykk gjennom to tusen år med liturgi og gudsteneste. Eg har ei kulturopen tilnærming til kyrkje og teologi.

3. Hvilke visjoner har du for Den norske kirke og kirken i Tunsberg bispedømme?

Kyrkja i Tunsberg skal vere der menneske er. Den skal verke til trøyst og oppmuntring, men også kalle til oppbrot og handling som følgje av evangeliets bodskap om Jesus Kristus. Kyrkja må framstå truverdig i lokalsamfunna. Eg ynskjer meg ei kyrkje som formidlar at det vi har saman er livsviktig og kvardagsnært.

Den norske kyrkja, nasjonalt og i Tunsberg skal ha ei tydeleg stemme når menneskeverd og skaparverk er truga. Ho må alltid ha med at vi er del av den verdsvide kyrkja og at vi er lemer på den lekamen som er Jesus Kristus.

Gudstenester og samlingar i kyrkjeleg regi skal vere trygge rom, der vi kan vere oss sjølve og bli respekterte – på tvers av generasjonar og meiningar, uavhengig av kjønn, alder eller seksuell legning. Heile menneskelivet skal bli sett, verdsett og verna om.

4. Hva ser du som hovedutfordringer og muligheter for kirken i Tunsberg bispedømme i tiden fremover?

Tunsberg bispedømme er mangfaldig og ulikt, med bygdesamfunn og byar, med einheitlege kulturar og med store fleirkulturelle og fleirreligiøse samfunn. Men alle stader gjeld det same:

Kyrkja må oppfattast som livsviktig og kvardagsnær. Viss ikkje det vi som kyrkje har å kome med svarer til menneskes lengt i dag, greier vi ikkje å formidle aktualiteten i bodskapen om Jesus Kristus. Det er ei utfordring å sørge for at fleire menneske i åra som kjem vil søke til kyrkja, at oppslutning om dåp, gudstenester og kyrkjelege handlingar skal vere stabil og aukande, og at barna våre får kjennskap og kjærleik til kyrkja og kjenner seg heime her. Det er dåpsbarna og dei vi når gjennom ei planmessig trusopplæring, som skal utgjere kyrkja i framtida. Men dei er også kyrkje no! Vi må skape tilhørighet og kjærleik til kyrkja hjå dei unge. Difor må vi erkjenne mangfald i form og uttrykk som rikdom og naudsynt. Det gjer at vi også må arbeide for å rekruttere breitt inn i kyrkjeleg arbeid og formidle at kyrkja er ein god og interessant arbeidsplass. I dei næraste åra må vi arbeide for å sikre gode arbeidstilhøve for tilsette og sørge for ein pårekeleg økonomi til drift og bygningar.

Vi treng å finne språk og ord for det som ein gong vart lagt ned i oss i dåpen. Då fekk vi ei tru som skal vekse, og nokre treng hjelp til å finne den fram att. Kanskje skal vi vere djervare til å dele truserfaringar og trene oss i å vere frimodige når vi formidlar den kristne bodskapen. I ei folkekyrkje som samlar eit fleirtal av dei som bur i Noreg, må vi finne den strengen i oss som vibrerer og gjev klang til trusliv og fellesskap. At vi leitar oss fram til kva det er i kyrkja sine tradisjonsskattar som rører ved menneske, trur eg er ei viktig oppgåve kyrkja har i vår tid. Vi må fokusere på det som bind saman, ikkje det som splittar. I eit nytt religiøst landskap, der det fleirreligiøse fellesskapet etter kvart vil vere det rådande i dei fleste lokalsamfunn, må vi ta til oss kunnskap om korleis vi kan leve godt saman i respekt og tillit. Eg vil invitere til innspel frå mange hald for at vi skal orientere oss mot dei behova menneske og lokalsamfunna i dag faktisk har. Her meiner eg lokalkyrkjelydane har ei viktig rolle å spele og at kyrkja i Tunsberg er langt framme med kompetanse og kunnskap.

5. Hva vil du legge særlig vekt på i tjenesten som biskop?

Mest av alt ynskjer eg å vere ein inspirator og ein forkynnar som skaper glede og begeistring for evangeliet om Jesus. Og som taler tydeleg og klart om kva det betyr å vere Jesu Kristi kyrkje i verda, lokalt og globalt. Eg vil vere ein lyttande leiar og ein som dei tilsette kan rekne med er tilstades og tilgjengeleg. Eg vil glede meg over å vere saman med menneske i gudstenestefellesskap. Forkynning og andeleg leiarskap må skape tillit hjå dei biskopen har tilsyn med, og hjå alle dei som møter biskopen som ein representant for kyrkja. Det krev nærvær og truverd. Eit respektfullt og godt samvirke med rådsstruktur og tilsette, også i fellesrådslinja, er avgjerande, og noko eg vil arbeide for å få til.

6. Hva kan du med din særlige kompetanse tilføre Tunsberg bispedømme og bispekollegiet?

I Nidaros domkyrkje har eg lagt til rette for gudstenester som skal femne om mange uttrykk og vere symbolhandlingar for det som bind oss saman som kyrkje og folk. Sjølv om erfaringane er frå

eit anna bispedøme, meiner eg at dette kan overførast til alle lokale forhold. Difor er det ein kompetanse eg kan tilføre både Tunsberg bispedøme og bispekollegiet. Eg har hatt sete i to salmebokredaksjonar, Salmer 1997 og Norsk salmebok 2013. Saman med meir enn 20-års kontinuerleg teneste som kyrkjelydsprest, meiner eg dette har gjeve meg ein særleg kompetanse på hymnologi og liturgisk arbeid i samvirke med lokalt gudstenesteliv som er viktig å bringe inn. Så har eg medvit, kompetanse og erfaring med meg frå økumenisk arbeid heilt frå studieåra. Det vil eg alltid halde fram som viktig – uansett kvar eg kjem.

I alt dette vil eg også arbeide for å bruke eit språk som er kvardagsnært, som er godt og forståeleg, og som utforskar korleis vi stadig kan bli betre på å kommunisere med kvarandre. Eg trur eg evner å bruke språket på ein god måte.

7. Beskriv kort din teologiske profil og ditt ståsted i Den norske kirke.

Teologien er alltid radikal, fordi den handlar om Gud som grip inn i verda og faktisk ynskjer å ha noko med menneska å gjere. Evangelia fortel om radikale handlingar. Jesus bryt konvensjonar i både religiøse og sosiale samanhengar. Ei kyrkje som er tru mot evangeliet må difor forkynne ein livsviktig nåde og fridom som gjev menneske mot og tru i vår tid.

Eg er sentralt plassert i det dogmatiske og vedkjenner trua frimodig saman med dei kristne vedkjenningane vi sluttar oss til i den kyrkjelege tradisjonen. Eg er orientert mot Kristi død og oppstode, og kva Kristi frelsesverk tyder for våre liv i dag. I mitt trusuttrykk er eg nok ganske tradisjonell. Det er gudstenesten og liturgien som ber oss, men den får ulike uttrykk i Guds verdsvide kyrkje. Kyrkja må alltid vere økumenisk og dialogisk.

I det etiske meiner eg at vårt fokus må vere mot det allmenne. Det er i det samfunnsmessige og globale dei store utfordringane i vår tid ligg. Eg meiner at ei open kyrkje er viktig for truverd det den har i verda og naudsynt for å opne evangeliet for menneske og samfunn. Ikkje minst har det gjeve seg uttrykk gjennom at vi i Den norske kyrkja har fått vigselsturgi for likekjønna ekteskap, noko eg meiner er svært viktig og riktig.

8. Hvordan vil du med din teologiske profil kunne være samlende og ivareta det teologiske mangfoldet i bispedømmet?

Eg er vand med å tenke praktisk kyrkjeleg teneste i relasjon til lærespørsmål. Ein god og respektfull samtale om det vi er usamde om, viser at det finst handlingsrom innanfor ei kyrkje som er éi i Jesus Kristus. Den samtalen vil eg halde høgt i bispedømmet og eg trur den vil gjere oss alle som tek del i den rikare. Eg har god kjennskap til det kyrkjelege landskapet slik det også trer fram i Tunsberg. Det trur eg er ein viktig føresetnad for å møte det rikhaldige mangfoldet i bispedømmet.

9. Hvordan vil du forholde deg til at det i Den norske kirke er to syn på kirkelig vigsel av likekjønnede, og hvordan vil du som biskop forholde deg til de som ikke har samme syn som deg?

Eg høyrer til dei som har ynskt og arbeida for at likekjønna skal ha same rettar og vilkår i kyrkja som ulikekjønna. Eg er glad for at vi no har to ordningar for vigsel som er jamstilte, og eg veit at den nye vigselsturgien svarer på ein lengt som mange menneske har bore på. Men dette er eit spørsmål vi er samde om å vere usamde om. Som biskop vil eg gjere det tydeleg både for tilsette, rådsmedlemmer og dei som ynskjer vigsel at ingen skal kjenne seg tilsidesett eller ikkje møtt på grunn av sitt teologiske syn i dette spørsmålet. Eg vil legge til rette for ein god og respektfull samtale om dette.

10. Hva er kjernen i din forkynnelse?

Eg ynskjer å forkynne det viktigaste i kyrkja sin bodskap:

- Nåden i Jesus Kristus gjeven til oss alle.
- Å anerkjenne det alminnelege som Guds nedlagte spor og nærvær i oss.
- Håpet om ein ny himmel og ei ny jord.